

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-C00, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 23.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022

Tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 014/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til mindre investeringar ved lokale kulturbygg slik det kjem fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 19. desember 2019 retningslinjer for kommunale tilskotsordningar til kultur, idrett og friluftsliv, som omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrettsfeltet. Alver kommunestyre vedtok i møte 16. september 2021 retningslinjer for kommunale tilskotsordningar kultur og idrett – revidering av retningslinjer.

Den totale ramma for tilskot innan kultur og idrett er 6 700 000 kr i 2022, inkludert avtalefesta tilskot og løpande ordningar. I 2021 var tilsvarande ramme kr 7 700 000.

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga «mindre investeringar ved lokale kulturbygg», som hadde søknadsfrist 15. november 2021.

Retningslinjene seier at ordninga skal støtte mindre investeringar i organisasjonseigde kulturbygg. Tilskot kan gjevast til kulturbygg, fleirbrukslokale, forsamlingslokale eller spesiallokale for kunst og kultur. Midlane kan nyttast til vedlikehald, ombygging og modernisering, men ikkje til drift. Det kan gjevast tilskot til mindre investeringar i og kjøp av utstyr og materiell.

Det er sett av 245.000 kroner til fordeling i denne søknadsrunden. I 2020 vart det fordelt kr 244.250 til ordninga.

Saksopplysninger:

Saka har vore til høyring hjå Alver kulturråd. Uttalen frå kulturrådet omtalar ikkje nokon av søknadene i denne saka. Høyringsuttalen ligg ved.

Innstilling

Søklar	Totalbudsjett	Søknadssum	Innstilling	Vurdering av søknad
Ungdomslaget Framsteg, Framtun	80000	40000	15000	Ungdomslaget Framsteg vil gjere akustiske utbetringar av forsamlingshuset Framtun i tillegg til å erstatte øydelagde bord og stablestolar. Laget viser til fleire aktivitetar for barn og unge. Det føreligg ingen pristilbod eller andre døme på kostnadstypene det er budsjettert med. Det er difor vanskeleg å identifisere om det er realistiske utgifter, og laget vert tildelt ein lågare sum enn omsøkt. Midlane kan bli brukt til modernisering og til kjøp av utstyr som stolar og bord.
Ungdomslaget Nybrot, ungdomshuset Dalheim	60000	45000	15000	Ungdomslaget Nybrot har nyleg lagt nytt golv i storesalen i Ungdomshuset Dalheim, mellom anna ved tilskotsmidlar frå Alver kommune. Dei ynskjer å oppgradere belysinga av salen, slik at den skal fungere betre til sitt føremål: notelesing, møter og dimming av lys til selskap. Søklar skriv at materialkostnadane vert høge, men spesifiserer ikkje kva utgifter dei vil ha til tiltaket, anna enn å oppgradere belysninga. Laget vert difor tildelt mindre beløp enn omsøkt. Midlane kan bli brukt til mindre investeringar i og modernisering og kjøp av utstyr og materiell.
Kløvheim F Ungdomslag, Nyheim ungdomshus	676000	255000	0	Kløvheim F Ungdomslag søker tilskot til eit tilbygg for energieffektivisering av Nyheim Ungdomshus. Ungdomslaget budsjetterer med tidlegare motteke tilskot frå Alver kommune på tilsaman 110.000,- i tillegg til eit omsøkt

				<p>beløp under handsaming på 50.000,-. I denne søknaden ber dei om 255.000,-.</p> <p>Totalkostnaden for tiltaket er høg, og søker vert oppmoda til å sjå på moglegheita av å søkje om tilskot til modernisering, ombygging og nybygg gjennom spelemidlar.</p>
Lindås skyttarlag	145000	40000	0	<p>Objektet det vert søkt midlar til, Lindås skytebane, er ikkje å rekne som kulturbygg, fleirbrukslokale, forsamlingslokale eller spesiallokale for kunst og kultur. Søknaden vert difor avslått.</p>
Verås Grendalag, Verås grendahus	55000	25000	25000	<p>Verås Grendalag vil skifte ut nokre av golva i Verås Grendahus. Dei gamle golva er utslitne og vanskeleg å halde reine. Kostnadane til golvet er satt til 35.000,- i materialar, og arbeidet skal bli gjort på dugnad. Midlane kan bli brukt til vedlikehald og modernisering.</p>
Hundvingrend Indremisjon, Konglevoll bedehus	350000	100000	70000	<p>Hundvingrend Indremisjon søker tilskot til eit nytt tak på Konglevoll bedehus. Dei opplyser at det gamle taket må bli skifta i løpet av kort tid. Bedehuset vert mellom anna nytta som øvingslokale for Skodvin skulemusikk. Søklar går inn med ein høg eigendel. Grunna avgrensa midlar i ordninga, vert tilsegn mindre enn omsøkt beløp. Midlane kan bli brukt til vedlikehald av forsamlingslokale.</p>
Meland musikklag, Musikkhallen på Holme	150000	125000	0	<p>Meland musikklag søker tilskot til utbetring av golvet i Musikkhallen på Holme. Golvet har ikkje vore skifta sidan bygget vart etablert. Grunna lite midlar i ordninga, vert ikkje tiltaket prioritert når søknadssummen er så høg og</p>

				overstig 50% av totalkostnadane. Laget vert oppmoda til å finne fleire inntektskjelder til tiltaket.
Romarheim indremisjon, Romarheim bedehus	90600	10000	10000	Romarheim Indremisjon vil investere i ny storkjøkenkomfyr i Romarheim bedehus. Totalbudsjettet deira inneheld driftsutgifter, men det er budsjettert med kr. 40.000,- til komfyren. Tilskot kan bli brukt til mindre investeringar og kjøp av utstyr, men ikkje til drift.
Nord- og midhordland sogelag, Bogatunet	150000	70000	70000	Nord- og midhordland sogelag søker tilskot til å leggje inn vatn og byggje toalett i løa ved Bogatunet. Dei vil mellom anna ha utgifter til graving til brønn, nedgraving av sanitærtank og rørleggjararbeid. Barn, unge og andre besøkande vil ha bruk for ei slik utbetring. Bogatunet vert mellom anna årleg brukt av elevar ved fleire skular i kommunen. Tilskot kan bli brukt til modernisering.
Stiftinga Nordgardsløa	50000	20000	10000	Stiftinga Nordgardsløa søker tilskot til slemming av murvegg og drenering rundt Nordgardsløa. Kostnadstype i søknadsskjema er ikkje spesifisert, men satt til kr. 50.000,-. Det er difor vanskeleg å identifisere kva utgifter dei har til tiltaket og tilskotet vert difor mindre enn omsøkt. Ein kan sjå av vedlagt rekneskap frå føregåande år, at dette er tiltak som vert gjennomført av laget og som dei har utgifter til. Tilskotet kan bli brukt til vedlikehald.
Laget Vonheim, Marøy Grendahus	75000	30000	30000	Laget Vonheim søker tilskot til reperasjon og skifting av takrenner og kledning på Marøy Grendahus, grunna lekkasje og delråteskade. Dei vil ha utgifter til materile, leige av stilas, arbeid og

				avfallshandtering. Arbeidet vert gjort på dugnad. Tilskot kan bli brukt til vedlikehald.
Museumssenteret i Hordaland, Lyngheisenteret	10970000	400000	0	Museumssenteret i Hordaland søker tilskot til å fornye utstillinga ved Lyngheisenteret på Lygra med ein ny formidlingsarena. Ordninga skal gå til mindre investeringar ved organisasjonseigde kulturbygg. Sjølv om det vil vere positivt for Museumssenteret med kommunalt tilskot i høve deira søknad om spelemidlar, er tiltaket ikkje å rekne som ei mindre investering og vert difor avslått.
Marås Grendahus, Marås Grendalag	107000	80000	0	Marås Grendalag vil utføre vedlikehald på Marås Grendhus. Dei vil skifte vindauge på huset og har motteke pristilbod på dette. Arbeidet skal bli gjort på dugnad. Laget har ikkje medlemsavgift, men ein fast medlemsskare som mellom anna bidreg gjennom dugnad. Marås 4H har fast møtestad der. Grunna lite midlar i ordninga, vert ikkje tiltaket prioritert når søknadssummen er så høg og overstig 50% av totalkostnadane. Laget vert oppmoda til å finne fleire inntektskjelder til tiltaket.
Eknesvågens venner, Grindabygget	50000	40000	0	Eknesvågens venner eig og driv Grindabygget i Eknesvågen. Dei vil leggje inn straum i Grindabygget for å få større bruksområde for huset og ikkje vere avhengige av bokkafeen. Kostnadane i budsjettet er på 50.000,- til installasjon. Søknaden har ingen vedlegg eller dokumentasjon utover søknadsskjema og ingen detaljer over utgifter til tiltaket. Søknaden vert difor avslått.

SUM			245000	
------------	--	--	---------------	--

Vedlegg i saken:

01.02.2022

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar 2022

1679884